



ÅRSMELDING UNGDOMMEN SITT KOMMUNESTYRE I LUSTER 2016-2017.

Leiar: Ida Falkgjerdet Svåi

Nestleiar: Bente Bergum

Ajourført 03.11.2016

Medlemmer	Varamedlemmer
Luster ungdomsskule: Kine Hauge, Lustravegen 4320, 6876 Skjolden (2) Sebastian Joranger, Sentrum 1, 6873 Marifjøra (1) Vebjørn Viem Elvekrok, Jostedalsveen 3344, 6871 Jostedal (2)	Marius Yttri Eide, Øyane 4, 6868 Gaupne. Zakarias Høyheim Skintveit, Høyheimsvegen 84, 6875 Høyheimsvik Emil Øiene Morken, Vassvegen 4, 6876 Skjolden
Hafslo barne- og ungdomsskule: Inger Anne Bruheim, Solbakken, 6869 Hafslo (2) Helene Selland, Lyngmo 19, 6869 Hafslo (2)	Trond Fredheim Jevnaker, Nondal 19, 6869 Hafslo Johan Lægreid Nes, Hestnes 22, 6869 Hafslo
Sogndal vidaregåande skule: Lene Teigen, Svinggo, 6873 Marifjøra (2) Karol Jozef Szczupka, Øyagata 2, 6868 Gaupne (2) Bente Bergum, Tvingeborgneset 18, 6868 Gaupne (1)	Marie Skamsar Aasen, Haugåsen 10B, 6871 Jostedal Ikkje vald Ikkje vald
4-H: Ida Falkgjerdet Svåi, Bruvoll 17, 6868 Gaupne (2)	Marita Holen Leirdal, Øyane 14, 6868 Gaupne
Idrettslaga: Anja Kvalsøren, Øyane 9, 6868 Gaupne (2)	Ikkje vald
Politisk representant: Luster AUF: Har ikkje aktuelle kandidatar Senterpartiet: Ikkje gitt tilbakemelding Kr. f.: Jonatan Hurthi, Fet 8, 6873 Marifjøra (2) Framstegspartiet: Har ikkje aktuelle kandidatar Høgre: Har ikkje aktuelle kandidatar Venstre: Ikkje gitt tilbakemelding SV: Har ikkje aktuelle kandidatar	Ikkje vald Ikkje vald Ikkje vald Ikkje vald Ikkje vald Ikkje vald Ikkje vald

ARBEIDSUTVALET arbeidsåret 2016-2017:

Ida Falkgjerdet Svåi
Bente Bergum
Jonatan Hurthi
Varamedlem:
Vebjørn Viem Elvekrok

- **Ungdommen sitt kommunestyre i Luster skal ha saker som vedkjem ungdommen til uttale før saka vert teken opp til avgjerd i kommunale utval.**
- **Ungdommen sitt kommunestyre kan ta opp saker som det meiner er viktige for ungdommen i Luster kommune.**
- **UK / AU avgjer kven som har møte- og talerett i møta i UK / AU.**

Ungdommen sitt kommunestyre (UK) har i arbeidsåret 2016-2017 hatt **4 møte** og handsama **31 saker**.

Arbeidsutvalet i Ungdommen sitt kommunestyre (AU) har i arbeidsåret hatt **4 møte**, og handsama til saman **30 saker**. Sekretær gjennom arbeidsåret har vore Liv Helen Nystuen.

Dessutan har ungdomskontakt Nanna Steinberg (ut året 2016) og Erling Bjørnetun delteke i møta ved behov, og vore tilgjengelege for støtte i arbeidet med oppfølging av saker.

På møtet den 5. desember 2016 drøfta Ungdommen sitt kommunestyre kva arrangement/tiltak dei ville arbeide med i skuleåret 2016-2017, og det vart vedteke fylgjande aktivitetsplan:

- **Opplæring av medlemne og varamedlemne i Ungdommen sitt kommunestyre arbeidsåret 2016-2017**
vart gjennomført den 3. november. Både faste medlemmar og varamedlemar var med på dette fyrste møtet. Det vart gjennomført fleire gruppearbeid, og gruppearbeida vart presentert i plenum,- som også vart ei øving i taleteknikk.
- **Val til ungdomsstyret for ME`N`U**
Inger Anne Bruheim vart vald til medlem og Helene Selland vart vald til vararepr. frå ungdommen sitt kommunestyre i ungdomsstyret for ME`N`U for skuleåret 2016-2017.
- **Val til folkehelserådet**
Her vert det avventa ny organisering i Folkehelsearbeidet før det vert føreteke ev. val av medlem frå UK i Folkehelserådet.
På møte i arbeidsutvalet den 18. april vart det drøfta om det var tiltak UK ikkje skulle prioritera, og AU tilrår at val til folkehelserådet vert teken ut av aktivitetsplan, noko som eit samrøystes UK vedtok på møte den 10. mai.
- **Nettverkssamling på Skei 19. - 20. november 2016.**
Ungdomspolitisk utval i Sogn og Fjordane (UPU) inviterar til samling kvar haust. Samlinga handlar generelt om opplæring i arbeidet med ungdomsråd og rammeprogrammet for samlinga.
Anja Kvalsøren, Kine Hauge og Marie Skamsar Aasen vart samrøystes valde som utsendingar til Nettverkssamlinga.
Tilbakemelding frå utsendingane går på at det var ei kjekk helg. Ei helg som var fylt med kurs, opplæring og føredrag om ungdomsarbeid der dei lærte mykje som dei kan bruke for å bidra til at ungdomsråda i kommunane skal fungera endå betre, og det var mange sosiale aktivitetar.
- **«LustraLan»**
Det siste skuleåret var det ikkje vald medlem frå Ungdommen sitt kommunestyre til arrangørteamet for «LustraLan».
Etter drøfting i UK vart det vedteke å avvente status for nytt LustraLAN-arrangement før UK ev.drøfter val av repr. til arrangørteamet.
På møte i arbeidsutvalet den 18. april 2017 vart det stilt spørsmål om UK kanskje kunne skaffe 3-4 personar til å ta over drifta av LustraLan. Arbeidsutvalet kontakta det gamle styret i LustraLan, og dei vil hjelpe det nye styret i gang. Det vert no arbeidd med å skaffe personar til det nye LustraLan, og når det er på plass vil det bli kalla inn til møte og konstituera eit nytt styre. Vidare er det oppretta ei eiga Facebookgruppe for LustraLan.

- **Vidareutvikling av Lustramarknaden (4. – 11. juni 2017) med ungdomsarrangement.**

Lustramarknaden, som dei siste åra er utvida både i tid og geografisk område, har opna opp for ulike arrangement i heile kommunen ei heil veke. I tillegg til den store marknadsdagen på laurdag vert det arrangert LustRabalder i Parken fredag og laurdag.

Etter drøfting i UK vart det vedteke å gjennomføra gruppearbeid på neste UK-møte for om mogeleg å få idear til fleire aktivitetar/nye tilbod for ungdom i denne veka.

Etter dette har det ikkje vore møte i UK.

Arbeidsutvalet tilrår i møte den den 18. april at UK må vera fokusert/ konkrete frå starten av arbeidsåret, noko som eit samrøystes UK vedtok på møte den 10. mai.

- **Lokalt arrangement av UKM i Sogndal 12. februar 2017**

På møte i UK den 3. november, sak 32/16 vart det vedteke at UK gjekk for samarbeid med Sogndal kommune og Leikanger kommune (som kom til seinare) om ei felles lokal UKM-mønstring i Sogndal 12. februar 2017. Som ansvarleg frå UK i Luster inn i arrangørteamet vart Marie Skamsar Aasen vald. Fleire repr. frå Luster skulle bli valde på f.k. møte i UK, som også vil omfatte omfanget av hjelp og støtte frå administrasjonen. Ungdomskontakt Nanna Steinberg skulle slutte i stillinga si ved årsskiftet, difor kunne ikkje arrangørteamet rekna med noko særleg støtte frå administrasjonen i Luster ved gjennomføringa av UKM-arrangementet 2017.

Etter drøfting i UK-møte den 5. desember kom dei fram til at dei tre representantane Karol Jozef Szczupka, Anja Kvalsøren og Kine Hauge stiller i arrangørteamet dersom dei/UK ikkje finn andre til å stilla for dei.

På lokalarrangementet i Sogndal var det med 5 innslag frå Luster (Audun Oklevik, Kristi og Tora Bjørhusdal, Sølvi Kvam, Søsken til UKM og The Green Pants).

Den 1. mars vart det føreteke oppsummering og evaluering av lokalmønstringa i Sogndal: På lokalarrangementet i Sogndal vart det satt deltakarrekord med 114 deltakarar. Bra informasjonsarbeid i forkant i Leikanger og Sogndal. Bør informere betre i forkant i Luster neste år. Luster må ha ein vaksen med, som må vera avklart i forkant. Luster må ha nokon i juryen. Setja dato for arrangementet tidlegare. På arrangementsdagen var det med 5-6 hjelparar frå Luster. Bytte på å ha arrangementet, - på Leikanger neste år? Kiosksalet har gått på omgang mellom dei tre kommunane og neste år er det Luster som vert ansvarlege for kiosksalet.

På UKM-festivalen i Høyanger 31. – 2. april var Luster representert med følgjande innslag:

Audun Oklevok – spelte piano

Kristi og Tora Bjørhusdal – spelte hardingfele

Sølvi Kvam – song

Søsken til UKM: Aina, Sølvi og Stig Kvam – musikk.

UKM Norge delte ut Turboprisen. Prisen skal motivere til auka innsats i rekrutteringsarbeidet i kommunane, og vere ei påskjøning til dei som har gjort noko ekstra siste året. Årets Turbopris gjekk til Sogndal, Leikanger og Luster med felles mønstring, den einaste fellesmønstringa som hadde greidd å auke deltakartalet frå alle kommunane samanlikna med 2016.

- **Kulturutveksling med vennskapskommunen i USA.**

Etter drøfting i UK vart det vedteke å satsa vidare på kulturutveksling med vennskapskommunen til Luster i USA. I 2017 er det ungdom frå Luster som kan reise til USA. Ordninga med kulturutveksling var lite kjend blant medlemmane i UK og dei ba om at ordninga vart gjort kjend ved skulane i kommunen og annonsert på heimesida til kommunen i god tid før søknadsfristen 15. mars.

Det føreligg ein søkjar i 2017 som får stipend til kulturutveksling.

På møte i arbeidsutvalet den 18. april vart det tilrådd vidareføring av utvekslinga, noko som eit samrøystes UK vedtok på møte den 10. mai. Vidare meinte UK at det var viktig å gjera ordninga kjend på heimesida «Ung i Luster».

- Stipendordninga til Ungdommen sitt kommunestyre som er for ungdom frå Luster som deltek på yrkesretta kompetanseutvikling eller anna utviklings-/læringstiltak**

Ungdommen sitt kommunestyre vedtok på møte den 14. februar 2012, sak 5/12 gjeldande stipendordning. UK si stipendordning har som føremål å støtta yrkesretta kompetanseutvikling eller anna utvekslings-/læringstiltak for ungdom frå Luster kommune i alderen 16 – 19 år. Det kan gjevast støtte til kursavgift og reiseutgifter, unnateke opphald/overnatting og diett. Søknadsfrist 1. mars og 1. oktober kvart år.

Etter drøfting i UK vart det vedteke å satse vidare på tilbodet med stipendordning, med søknadsfrist 1. mars og 1. oktober 2017.

Det var to (men ein søknad vart trekt) som har søkt stipend innan fristen 1. mars 2017.

På møte i UK den 10. mai meinte UK det var viktig at denne ordninga vert gjorde kjend på heimesida «Ung i Luster».
- Fylkesting for ungdom på Skei 24. - 26. april 2017.**

Ungdomspolitisk utval i Sogn og Fjordane (UPU) inviterar til Fylkesting kvar vår. På tinget vert det lagt opp til skulering i tale- og debatt-teknikk, gruppedebatter og spørjetime. Det skal også veljast nye representantar til ungdomspolitisk utval. Marie Skamsar Aasen og Ida Falkgjerdet Svåi meldte seg som utsendingar til Fylkestinget.

Utsendingane orienterte om at det hadde vore ei lærerik og kjekk helg, med diskusjonar og debattar og dei fekk høve til å spørja ut dei vaksne politikarane frå fylket, og det var sosiale aktivitetar. Dei møtte att ungdom som dei traff på Nettverkssamlinga, noko som var positivt i forhold til det å byggje nettverk på tvers av kommunegrensane.
- Lokale Transporttilbod for ungdom (LTU).**

Sogn og Fjordane fylkeskommune har dei siste 13 åra invitert kommunane og ungdomsråda til å utforme eit skyssopplegg og søkje om prosjektmidlar. Luster kommune og UK har søkt og fått innvilga tilskot kvart år. Tilbodet har vore meir nytta so langt i 2017 enn i 2016, og det er rapportert køyring for tilsaman kr. 49.653 (etter at rapport for køyring i 2016 var sendt inn i november).

I samband med søknad om prosjektmidlar for 2017 har arbeidsutvalet i Ungdommen sitt kommunestyre, i møte den 18. april, vedteke at reglementet for bruk av bestillingstaxi, gjeldande frå 5. mai 2013 fortsatt skal vera gjeldande, sitat:

 - «1. Ein kan nytta bestillingstaxi til alle opne arrangement for ungdom i Luster kommune, også trening/øving, møte og kurs.*
 - 2. Eigenandelen vert sett til kr. 50 pr. person kvar veg når ein nyttar bestillingstaxi i Luster.*
 - 3. Andre i same taxi, men som er eldre enn 19 år, betaler full pris.*
 - 4. Minimum tal personar som skal følgje taxi er 2» sitat slutt.*

Fylkeskommunen har i brev den 22. mai orientert UK at dei har gitt eit tilsegn om eit tilskot på 30.000 kr til lokale transporttilbod for ungdom i Luster kommune for 2017.

UK meiner det er viktig å gjera ordninga med «Lokale transporttilbod» kjend på heimesida «Ung i Luster». Det er viktig at ordninga ikkje blir forveksla med Fylkeskommunen sitt tilbod om «trygt heim for ein 50-lapp», som har fast avgangstid frå Sogndal.
- «Blås grønt» for ungdom mellom 13 – 19 år.**

UK har dei siste åra hatt samarbeide med ME`N`U om arrangementet «Blås grønt» natt til 17. mai i Soltun i Gaupne. Det har vore ulike aktivitetar på kvelden og politiet har føreteke «blåsing» rundt midnatt. Det har vore føreteke trekking av 3-4 vinnarar. Ungdomane har hatt eit positivt syn på «Blås grønt».

UK drøfta i møte den 5. desember om «Blås grønt» kan knyttast opp til andre arrangement i kommunen, og det vart vedteke å ta saka opp att på første møte i AU.

Etter orientering, i AU-møte den 9. januar, om omorganiseringa som Luster frivilligsentral har vore igjennom, og signal om at ME`N`U ikkje legg opp til å vera

med UK å arrangera «Blås grønt» i 2017, tilrådde AU at det vert «Blås grønt»-arrangement ved inngangen til Parken i Gaupne i samband med LustRabalder. Det vart teke kontakt med Parken og politiet, som begge var positivt innstilt. På møte i arbeidsutvalet den 18. april tilrådde AU at det vart føreteke val av eit arrangørteam 3-4 personar. Arrangørteamet skal hjelpe til med føringa av listene med namn på dei som bles grønt, og vera med på trekkinga av vinnarane. Blås grønt-arrangementet blir i år ved inngangen til Parken i Gaupne i samband med LustRabalder, fredag 9. juni mellom kl. 23.00 – 00.00. Politiet vert med på gjennomføringa og alle som bles grønt er med i trekkinga av flotte premiar som t.d. GoPro, Polaroid kamera og mobil-linse (vedteke på møte i UK den 10. mai). Premiane vil bli trekte tilfeldig ut mellom dei som bles grønt og delte ut laurdag 11. juni under Lustramarknads-programmet frå scena i Rådhusparken. Leiar Ida Falkgjerdet Svåi kallar inn til møte for å velja ansvarleg for blåsinga, og ho deltek på premieutdelinga i rådhusparken.

- **Hobby klubb, Felles ungdomsklubb, Open hall og Ungdomens dag på Sogn skisenter.**

UK vedtek at dei nemnde tiltaka ikkje vert vurderte å ta inn i aktivitetsplanene på noverande tidspkt., men at det kan vera aktuelt å jobba vidare med dei i ein kombinasjon med ME`N`U sine tilbod utover vintaren. Arbeidsutvalet er ansvarlege for ev. oppfølging.

Arbeidsutvalet si tilråding om at desse punkta vert tekne ut av aktivitetsplanen vart samrøystes vedteke i UK den 10. mai.

Saker Ungdommen sitt kommunestyre (UK) har teke opp:

- **Sommarjobb.**

På møte i UK den 10. mai orienterte Ida Falkgjerdet Svåi om at ho hadde fått ein god del spørsmål frå ungdomar i kommunen om korleis Luster kommune sitt tilbod om sommarjobb for 16-17 åringar fungerer.

Vidare orienterte Ida om at ho hadde sendt dette spørsmålet over til ein saks-handsamar i Luster kommune og bedt om informasjon om tilbodet, men at ho ikkje hadde fått tilbakemelding på dette innan møtet i UK skulle vera den 10. mai.

Ungdommen sitt kommunestyre (UK) har fått fylgjande saker for uttale/innspele:

- **Reguleringsplan for Heggmyrane – sentrale delar.**

Erling Bjørnetun orienterte Ungdommen sitt kommunestyre i møte den 3. november om hovudføremålet med planen, som er å leggja til rette for utvikling av Sogn skisenter med både vinter og sommaraktivitetar.

Ungdommen sitt kommunestyre tok planframlegget til orientering.

Barnerepresentanten Britt Veum Hauge førebur svar i hht si rolle etter Plan- og bygningslova.

- **Budsjett 2017, økonomiplan 2017-20, planleggingsprogram 2015-20.**

Ungdommen sitt kommunestyre handsama saka i møte den 5. desember 2016, der økonomisjef Kjell Sverre Snøtun orienterte om formannskapet sitt framlegg. Etter orienteringa og drøfting i UK vart det gjort fylgjande samrøystes vedtak:

Ungdommen sitt kommunestyre (UK) har ingen endringsframlegg til budsjettframlegget som er ute på høyring.

Men, - UK vil peika på at det er viktig å koma i gang med rehabilitering av Idrettshallen og etablering av yrkeskulebygget/Friskhuset og Motorsportanlegget. *Rådmannen skriv i brev til UK, datert 10.01. d.å. :*

Innspele/uttale er drøfta i budsjettarbeidet og lagt fram for formannskapet 07.12. og kommunestyret 16.12. I høve dykkar innspel vil rådmannen gjere merksam på:

- *Det vil i 2017 verta utarbeidd ein plan for rehabilitering av Idrettshallen i Gaupne og det er lagt inn økonomi i økonomiperioden til renoveringsarbeid.*
- *Det er plan om å renovere del 1 av Yrkeskulebygget til lokale for «treningsssenter» med oppstart våren 2017 om avtalar kje på plass.*

- Når det gjeld Motorsportanlegget så er planarbeidet starta opp. Her vil det vidare kome prosessar for grunnnerverv og finansiering som må avklåre når og korleis prosjektet kan realiserast.

Dykkar innspel er teke til orientering og vil verta med i vidare arbeid.

- **Reguleringsplan for Heggmyrane – sentrale deler 2. gongs handsaming Plan id 1426-2013005.**

Planframlegget vert framlagt for AU og UK i møte den 13. juni.

Medlemar i Ungdommen sitt kommunestyre har delteke på fylgjande kurs/møte/samlingar:

- **Nettverkssamling på Skei 19. - 20. november 2016.**
Anja Kvalsøren, Kine Hauge og Marie Skamsar Aasen var utsendingar til Nettverkssamlinga.
- **Fylkesting for ungdom på Skei 24. - 26. april 2017.**
Marie Skamsar Aasen og Ida Falkgjerdet Svåi var utsendingar til Fylkestinget.

Sluttkommentar frå leiaren:

Arbeidsåret til Ungdommen sitt kommunestyre 2016/2017, starta med det første møte hausten 2016 på Gaupnetunet. Der kom det spente representantar ifrå heile Luster kommune, der alle verka klar for det kommande året. Eg har vert i UK i fleire år, både som representant og vara medlem, i tillegg til å være medlem i AU. Det var derfor veldig kjekt å bli vald til å være leiar i UK dette året. Det var sjølvstekt skremmande, der eg hadde ingen aning over korleis eg skulle gjere dette, men etter god hjelp frå UK, AU, Erling og Liv Helen, tykkjer eg at dette året har gått kjempe bra.

UK har arrangert og vore med på å arrangere mange ulike hendingar gjennom dette året. Vi var med og arrangerte UKM, i lag med Sogndal, og Leikanger på kulturhuset i Sogndal, noko som gjekk kjempe bra.

Det blei ein stor endring på Blås Grønt i år, der vi flytta det frå natt til 17.mai, til LustRabalder. Noko eg ser for meg kan bli eit spennande arrangement, med mange kule premiar.

Det gamle styret til LustraLan har gitt seg, så dette har også forandra seg. UK driv derfor å sette opp eit nytt LustraLan styre.

Gjennom alle desse tre arrangementa ser ein viljen til ungdomane i Luster kommune, vi har fått mange som vil hjelpe til, være med eller har meiningar og spørsmål dei vil få fram. Det gjer det derfor ekstra gøy å få være leiar i UK. I tillegg til dessa arrangementa så har UK fått igjennom og jobba med mange fleire saker.

Personleg føler eg at UK har gjort ein fantastisk jobb, dykk har vært engasjerte og vært med på fleire arrangement, i tillegg til å ha tatt med saker og meiningar til og frå dei dykk de representere. Vidare er det sjølvstekt masse ting som kan forbeholdt, blant anna å være meir konsentrerte over saker frå byrjinga av, og å få ut informasjon til forskjellige arrangement og moglegheiter som ungdomane i Luster kommune har. Dette gjeld spesielt informasjon om kulturutveksling, UK so ordning med «Lokale transporttilbod for ungdom – LTU», moglegheita til å søke på stipend og blant anna at ein kan gjere alt på UKM, ikkje berre synge, danse eller spele musikk. Desse tinga er dessverre lite kjent blant ungdommane i Luster, det er sjølvstekt vanskeleg å få ut informasjonen, men dette er nok noko UK burde fortsette å jobbe med.

Tusen takk til alle i UK, og sjølvstekt AU, som har gjort masse og hjulpet godt til. I tillegg til Erling, og Liv Helen, dikka har begge hjulpet meg og UK/AU mykje. Det har vært eit fantastisk år for meg og håper dette gjeld oss alle. Ha ein kjempe fin sommar, lad batteriet og gjer dikka klare for neste år. Eg er dessverre ikkje med vidare, noko som slår meg meir og meir for kvar dag som går. Eg kjem til å savne dette, men eg håper at fleire av dikka er med neste år. Masse lykke til med vidare arbeid.

Tusen takk for kjempe godt samarbeid dette året!

Gaupne, 13. juni 2017.

Ida Falkgjerdet Svai
leiar